Vekeplan 8. trinn Veke 45 og 46

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Lesekonkurranse • Skriva skjønnlitterær tekst
Engelsk	• reading, writing and speaking about new experiences and discoveries • reading and discussing the content of the text • using the simple present and simple past tense • learning regular and irregular verbs
Matematikk	• Kjenna att kvadrattala, både algebraisk og som geometrisk mønster • Sjå samanhengen mellom å rekna med kvadrattal og kvadratrot • Foreta enkle utrekningar med parentesar • Bruka ulike strategiar for utrekning med parentesar
Samfunnsfag	• Forklara kva som kjenneteiknar velferdsstaten i Noreg • Reflektera over nokre av utfordringane velferdsstaten står overfor
KRLE	• Utforska og presentera sentrale trekk ved jødedommen • Utforska korleis jødedommen endrar seg
Naturfag	• Gjere greie for korleis celler dannar vev og organ • Gi døme på observasjonar som viser at kontinenta på jorda har hengt saman • Forklare korleis vi kan vite at jordskorpeplatene beveger seg • Gjere greie for kva platetektonikk er, og kvifor vi kan kalle dette ein teori
Kunst og håndverk	• Brodera valfritt design • Laga ein figur i tre
Spansk	• Kunna bøya verb i presens • Ha kontroll på samsvarsbøying, eintal/fleirtal, hokjønn/hankjønn • Namn på dagar, ord frå skulekvardagen og ulike fag • Kunna snakka om klokka
Tysk	• Kunna bruka tysk munnleg og skriftleg • Kunna bøya verb i notid (presens), både regelrette og uregelrette • Presentera seg sjølv og livet sitt på tysk
Arbeidslivsfag	• Kunna laga og ferdigstilla eit treprodukt etter arbeidsteikning. • Gjennomføra arbeid i tresløyd ved å bruka eigna verktøy, materiale og følgja HMS-rutinar.
Kroppsøving	• Utforska eigne moglegheiter til trening, helse og velvære gjennom leik, dans, friluftsliv, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikle ferdigheter i varierte bevegelsesaktivitetar • bruke eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverke til framgang for andre, og vera èin god medspelar • Kunne utføre grunnleggjande turn elementer som framlengs - og baklengs rulle, stå på hode og heder, hjul, araber, piruett **Tema: Turn/akrobatikk**
Fysisk aktivitet	• Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktivitetar aleine og saman med andre

	• Erkjenne forskjellar mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar, inkludera alle, samarbeida og oppmuntra medelever til å delta i fysisk aktivitet og vera èin god medspelar **Tema: Fotball og ulike ballspel**
Friluftsliv	• Kunna setje opp hengekøye • Turar i nærområdet
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal **Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter**
Olweus	**Inkludering** • Bidra til at ingen bli ståande aleine. • Aktivt invitere andre inn i fellesskapet.

INFORMASJON TIL HEIMEN

Lesekonkurranse

No er konkurransen i gang! Me håpar de vil vera med å heia fram lesinga heime. Elevane får eit kvarter lesing på skulen kvar dag, i tillegg til ein heil lesetime i veka. Me trur at elevane vil oppdaga ulike bøker dei trivst med å lesa i denne perioden og gler oss til eit ekstra lesefokus i november.

Sterk og klar

Tysdag 3. november kl. 18 er det foreldremøte i regi av *Sterk & klar* i aulaen på skulen. Temaet er foreldrerolla i møte med tenåringar. Det er påmelding til arrangementet på skulen si heimeside.

Elevundersøkinga

I veke 45 og 46 skal elevane gjennomføra elevundersøkinga. Det tar i underkant av ein skuletime. Her får dei spørsmål om korleis kvardagen er som elev, og resultata frå undersøkinga er viktige i utviklingsarbeidet på skulen.

Planleggingsdag

Fredag 13. november er det planleggingsdag, og elevane har fri.

Elevkveld

I veke 47 og 48 har vi Hei-Verden-aksjon på skulen. Merk datoen 25. november. Då blir det elevkveld til støtte for Bangladesh.

Helsing oss på 8.trinn

VURDERINGAR	
Veke	**Fag, innhald**
45/46	Norsk: innlevering av skriftleg oppgåve
46	Engelsk fordjuping: skriving. Torsdag

HEIMEARBEID VEKE 45	
Norsk	Les i 3x20 minutt i leseboka di. Hugs å loggfør lesinga i ON og BookBites. C og D: Gjer ferdig disposisjonen til teksten din.
Engelsk	Continue reading in Harry Potter from chapter 10. Log your reading in BookBites. Details in class
Matematikk	**Overslagsrekning og Potensar** Oppgåveboka s. 45, 49, 50 og 52 oppg.: 1.189, 1.198, 1.201, 1.202 og 1.208 **Vel ditt nivå.** Ta bilete av leksa di og lim inn på OneNote under heimearbeid veke 45
Naturfag	I omgrepstabellen på One Note: Skriv forklaring og finn passande bilete til omgrepa **strukturar i cella**, **kjernemembran, lysosom og flagell.** Gjer oppgåve 5 og 7 s. 52.
Samfunnsfag	Sjå på oversikta over nokre av dei mest brukte velferdsordningane på s.75 i *Arena*. Kva velferdsordningar meiner de er dei viktigaste vi har i Noreg? Skriv i OneNote
Spansk	Gjer oppgåve 1 og 2 s. 43 i arbeidsboka.
Tysk	Pugg bøyinga av uregelrette verba *lesen, essen, sprechen,* lag to setningar med kvar av dei (6 setningar til saman), skriv i skriveboka
Fysisk aktivitet	Sjå teams
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal gå til Sandtangen og setja opp hengekøyer
Kantine	Møt i klasserommet med iPad. Me skal laga rekneskap og budsjett.

HEIMEARBEID VEKE 46	
Norsk	Les i 3x20 minutt i leseboka di. Hugs å loggfør lesinga i ON og BookBites.
Engelsk	Continue reading in Harry Potter. Log your reading in BookBites. Details in class
Matematikk	**Kvadrattal og kvadratrot** Oppgåveboka s. 53 og 55, oppg.: 1.209, 1.210, 1.211, 1.213, 1.215 **Vel ditt nivå.** Ta bilete av leksa di og lim inn på OneNote under heimearbeid veke 46
Naturfag	Les s. 45-48.

	I omgrepstabellen på One Note: Skriv forklaring og finn passande bilete til omgrepa **cellevev, organ, organsystem** og **fleirecella organisme.**
Samfunnsfag	Les s. 81 – 82 i *Arena*. Kva er eldrebølgja, og kvifor er eldrebølgja ei utfordring for samfunnet. Skriv i OneNote
KRLE	**Historia til jødane** Les side 78-83 i "Store spørsmål" og svar på oppgåve 1-10 på side 83 i skriveboka di.
Spansk	Gjer oppgåve 2 og 3 s. 44 i arbeidsboka. Bruk leseboka s. 61 som hjelp. Er du ennå usikker på bøying av verb, øv ekstra på dette heime.
Tysk	Pugg bøyinga av uregelrette verba *laufen, fahren,* lag to setningar med kvar av dei (4 setningar til saman), skriv i skriveboka. Repeter bøyinga av verba *lesen, essen, sprechen* frå veke 45.
Fysisk aktivitet	Sjå teams
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal ut etterpå og fyra bål. Ha på klede som tåler bållukt.
Kantine	Me skal laga mat. Møt på kjøkkenet med hårstrikk, forkle, innesko og iPad